

Seks hender på same orgel!

25.08.2017



Pawel og Eva skal spela 6hendig saman med Waclaw Golonka(innfelt).

**Fredag 22.september vert det ein flott og spesiell konsert i Uskedal kyrkje. Då kan vi oppleva tre topporganistar i same konsert, og ikkje berre det! Vi kan oppleva dei samstundes! Dei skal nemleg spela 6 hendig på to av nummera. Det har ganske sikkert aldri skjedd i Kvinnherad før.**

Den eine av organistane er sjølvsagt vår eigen utmerka kantor Eva Megyesi. Den musikalske oppkoma og drivkrafta står for arrangementet, og ho skal både syngja litt og spela for oss på konserten. Med seg har dama som opphaveleg er frå Ungarn, to svært dyktige polske organistar. Det er mannen hennar og framifrå kantor i Odda, Pawel Cabala, og den andre er Waclaw Golonka som er professor docent ved Warszawa Musikakademie. Golonka er ein stjerne-organist, og han har faktisk spela i Kvinnherad ein gong før. I november 2015 var han i Valen kyrkje, og einskilde av dei som var publikum den gongen, snakkar framleis om den fantastiske orgelkonserten.

Golonka skal spela fem orgelstykke. Eva Megyesi og Pawel Cabala skal spela kvar sitt stykke på piano i tillegg til det dei framfører på orgel. Eva skal også syngja ein ungarsk folkesong til innleiing. Avslutninga vert heilt spesiell! Då skal dei tre organistane framføra to nummer med alle sine seks hender.

Eva Megyesi lovar at det skal skje mykje spennande og morosamt i løpet av konserten.

- Vi er 3 organistar, og ønsker å spille en fantastisk, kjekk og moro orgelkonsert i Uskedalen, seier Eva Megyesi om det. I tillegg til å vera ein veldig dyktig organist og konsertarrangør er ho jo også kjent for å fletta inn litt ablegøyer og moro. Eg trur det vert ein uforgløymeleg orgelkonsert i Uskedal kyrkje fredag 22.september kl.19.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal